



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 14.04.2016  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18:00 – 22:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Asbjørn Brandtun	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	H	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Reidar Øksnes	SP
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Solveig Hopen	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

---

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, økonomisjef Olav Andersen og kommunalsjef Torleiv Frotjold.

Thomas Lindås møtte i sak 38/16 og Asbjørn Toft møtte i sak 41/16.

Austrheim, 15.04.2016

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
034/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/16	Godkjenning av møteprotokoll
036/16	Meldingar
037/16	Orienteringssak
038/16	Offentleg høyring og ettersyn - Kommunedelplan for trafikksikring 2016 - 2023
039/16	Revisjon av retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement
040/16	AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot for 2015
041/16	Klage på utsleppsløyve gjeve til bebyggt eigedom på gbnr. 128/27 - Leirvåg
042/16	Rapporteringsrutiner økonomi
043/16	Søknad om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
044/16	Konsekvensar ved å halde fram som eigen kommune
045/16	Tilstandsrapport 2016 for grunnskulen i Austrheim kommune
046/16	Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 - Godkjenning

## **034/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 034/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **035/16: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg til endring av 1. og 2. avsnitt i vedtak i K-sak 010/16: Austrheim kommune ber kontrollutvalet prioritera følgjande områder når utvalet skal gjennomføra forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

1. PPT og spesialundervisning
2. Barnevernet
3. Folkehelsa i Austrheim
4. Økonomistyring og aktuelle øymerka tilskot

Kontrollutvalet gjev tilbakemelding til kommunestyret om gjennomføringstidspunkt.

Fellesframlegg:

Møteprotokollane frå møte 18.02.16, 25.02.16 og 17.03.16 vert godkjent med endring i vedtak i protokoll frå møte den 18.02.16 i 1. og 2.avsnitt i K-sak 10/16 i samsvar med framlegg frå H v/ Jorund Stellberg.

Fellesframlegget vert samrøystes vedteke.

### **KS - 035/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Møteprotokollane frå møte 18.02.16, 25.02.16 og 17.03.16 vert godkjent med endring i vedtak i

protokoll frå møte den 18.02.16 i 1. og 2.avsnitt i K-sak 10/16 i samsvar med framlegg frå H v/ Jorund Stellberg.

---

### **036/16: Meldingar**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

#### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Det var ingen meldingar.

#### **KS - 036/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Det var ingen meldingar.

---

### **037/16: Orienteringssak**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert teke til vitande.

#### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om status i flyktingarbeidet.

#### **KS - 037/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Orienteringa vert teke til vitande.

---

## **038/16: Offentleg høyring og ettersyn - Kommunedelplan for trafikksikring 2016 - 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 11-14.

### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 038/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 11-14.

---

## **039/16: Revisjon av retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Retningsliner for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement vert revidert slik som det framgår i saka.

### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg til vedtak:

Nytt pkt. 1: Tilsegn om tilskot kan delast ut til frivillige lag og organisasjonar som er arrangør av større arrangement i Austrheim kommune. Tilskotet skal ikkje gå til einskildpersonar.

Nytt pkt. 6: Det kan delast ut dugnadsmidlar til lag og organisasjonar som har sitt virke i Austrheim kommune.

Framlegg frå Siri Kaland (Ap) på vegne av Ap, Krf og Sp:

Tillegg til pkt. 6.

Lag og organisasjonar frå Austrheim skal prioriterast

Nytt pkt 9.

Når sesongen er over, ber vi om at kommunestyret vert orientert om korleis midlane er brukt.

Rådmannen trakk sitt framlegg.

Framlegget frå Ap, Krf og Sp fekk 11 røyster og framlegget frå H fekk 6 røyster(H og V)

### **KS - 039/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Retningslinjer for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement vert revidert i samsvar med framlegg med fylgjande endring:

Tillegg til pkt. 6: Lag og organisasjonar frå Austrheim skal prioriterast.

Nytt pkt. 9: Når sesongen er over, vert kommunestyret orientert om korleis midlane er brukt.

---

## **040/16: AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot for 2015**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

AS Austrheim Næringssselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.

Kostnaden kr. 116.000 med dekka frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsøyving.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FS - 035/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

### **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Merethe Rikstad Tresvik og Olav Andersen tilrådte møtelyden under handsaming av saka.

Framlegg frå Jorund Stellberg(H)

Søknad frå AS Austrheim Næringssselskap om tilskot for 2015 vert avslegen.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og Jorund Stellberg sitt framlegg fekk 2 røyster.(H og V)

### **FS - 045/16 - 05.04.2016 - Vedtak:**

AS Austrheim Næringssselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.

Kostnaden kr. 116.000 med dekka frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsøyving.

#### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Ivar Bergsvik og Olav Andersen tiltrådde møtelyden under handsaming av saka.

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Søknad frå AS Austrheim Næringssselskap om tilskot for 2015 vert avslege.

Framlegget frå formannskapet fekk 11 røyster og framlegget frå H v/ Jorund Stellberg fekk 6 røyster.(H og V)

#### **KS - 040/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

AS Austrheim Næringssselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.  
Kostnaden kr. 116.000 med dekkja frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsføring.

---

#### **041/16: Klage på utsleppsløyve gjeve til bebyggt eigedom på gbnr. 128/27 - Leirvåg**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim kommune stadfestar formannskapet sitt vedtak gjort den 17.03.2016 (sak 027/16) og tek ikkje klagen frå naboeigedom til gbnr. 128/2 til følgje.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

#### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 041/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim kommune stadfestar formannskapet sitt vedtak gjort den 17.03.2016 (sak 027/16) og tek ikkje klagen frå naboeigedom til gbnr. 128/2 til følgje.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

---



## **042/16: Rapporteringsrutiner økonomi**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyret vedtek rapporteringsrutinene økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 ganger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 ganger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FS - 036/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

### **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Jorund Stellberg:

1. Økonomisk rapportering vert gjeve på kvart formannskapsmøte etter vedteken møteplan for året. Standard rapporteringsdokument etter kommunelov og forskrift, skal leggjast fram og det omfattar:  
- Budsjettskjema 1A, Driftsbudsjettet,  
- Budsjettskjema 2A, Inversteringsbudsjett  
- Balanse

I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapportering

2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og Jorund Stellberg sitt framlegg fekk 2 røyster. (H og V)

### **FS - 046/16 - 05.04.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyret godkjenner fylgjande rapporteringsrutine for økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 ganger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 ganger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining

- gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendinger oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

#### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Austrheim kommunestyret vedtek fylgjande rapporteringsrutinar for økonomi:

1. Økonomisk rapportering vert gjeve på kvart formannskapsmøte etter vedteken møteplan for året. Standard rapporteringsdokument etter kommunelov og forskrift, skal leggjast fram og det omfattar:

- Budsjettskjema 1A, Driftsbudsjettet,
- Budsjettskjema 2A, Investeringsbudsjettet
- Balanse

I tillegg kjem 1. og 2.tertialrapportering.

- 2.Dersom viktige og kritiske hendinger oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Formannskapet si tilråding fekk 11 røyster og framlegget frå H/ Jorund Stellberg fekk 6 røyster.(H og V)

#### **KS - 042/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyret vedtek rapporteringsrutinene økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 ganger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 ganger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendinger oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

---

#### **043/16: Søknad om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss på grunn av farleg skuleveg**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre ser ikkje at det er kome inn vesentlege nye moment i saka. Søknaden om dispensasjon frå kilometergrensa for dei som søker fri skuleskyss i området rundt Bergsvik-krysset vart avslegen.

#### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 034/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vert utsatt.

**05.04.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 044/16 - 05.04.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre ser ikkje at det er kome inn vesentlege nye moment i saka. Søknaden om dispensasjon frå kilometergrensa for dei som søkjer fri skuleskyss i området rundt Bergsvik-krysset vart avslegen.

**14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS - 043/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre ser ikkje at det er kome inn vesentlege nye moment i saka. Søknaden om dispensasjon frå kilometergrensa for dei som søkjer fri skuleskyss i området rundt Bergsvik-krysset vart avslegen.

---

**044/16: Konsekvensar ved å halde fram som eigen kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Eigenvurderinga som belyser konsekvensar ved å halda fram som eigen kommune vert teken til vitande.

**14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS - 044/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Eigenvurderinga som belyser konsekvensar ved å halda fram som eigen kommune vert teken til vitande.

---

## **045/16: Tilstandsrapport 2016 for grunnskulen i Austrheim kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret tar Tilstandsrapporten 2016 for grunnskulen i Austrheim kommune til vitande.

### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 045/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Kommunestyret tar Tilstandsrapporten 2016 for grunnskulen i Austrheim kommune til vitande.

---

## **046/16: Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 - Godkjenning**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke

### **FS - 038/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

### **05.04.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen orienterte i møte om endringar som er gjort i eigarskapsmeldinga og i tillegg fylgjande endringar som skal gjerast i dokumentet:

Del 2:

-Dei selskap som Austrheim kommune ikkje eig heilt eller delvis lenger, strykast frå eigarskapsmeldinga.

2.6.3:

- Styre med 5 medlemar val av representantskapet.

Jorund Stellberg (H) hadde fylgjande framlegg til endring i del 3 pkt. 13:

Konklusjon:

Eigedomen skal leggjast ut for sal.

Framlegget fekk 2 røyster(H og V) mot 3 røyster og fall.

Deretter vart det røysta over fylgjande fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre

med fylgjande endring i del 2 under pkt 2.6.3 Nordhordland Revisjon IKS:

Vidare engasjement i selskapet:

Kommunestyret vel revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - 048/16 - 05.04.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre

med fylgjande endring i del 2 under pkt 2.6.3 Nordhordland Revisjon IKS:

Vidare engasjement i selskapet:

Kommunestyret vel revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

#### **14.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegg til vedtak frå administrasjonen med fylgjande tillegg og endringar:

Gjennom god eigarstyring og selskapsleiing skal Austrheim kommune bygge tillit, styrke relasjonar og legge grunnlaget for ei etisk og berekraftig forretningsverksemd.

Framlegget frå H v/ Jorund Stellberg vert innarbeida i eigarskapsmeldinga.

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg til endring i del 3 pkt. 13:

Konklusjon:

Eigedomen skal leggjast ut for sal.

Framlegget frå H v/ Jorund Stellberg fekk 6 røyster (H og V) mot 11 røyster og fall.

Formannskapet si tilråding vart deretter samrøystes vedteke.

#### **KS - 046/16 - 14.04.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eidegdomar slik den ligg føre med fylgjande endring i del 2 under pkt.

2.6.3 Nordhordland Revisjon IKS:

Vidare engasjement i selskapet:

Kommunestyret vel revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

---